

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 19.3.2010  
**Stad:** Nes, Hallingdal Museum

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

## Desse møtte frå Rådmannsutvalet (sak 14 – 17 og 22)

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Bjørgulv Noraberg,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Gabriel Johannessen,	Hemsedal kommune
Else Horge Asplin,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Laila Tryde og Trond Johansen og regionkontakt Terje Moen

---

## SAK 13/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 19.2.2010

### Vedtak

Møteprotokoll 19.2.2010 vart vedteke.

## SAK 14/10 ORIENTERING OM INDUSTRIPROSJEKT OG REISELIVS UTDANNING

Prosjektleiar Erna Viken Holvik orientert om nytt utdanningsløp i vidaregåande skule (vedlegg 1), for rekruttering til reiselivet i Hallingdal. Tiltaket vil gje studiekompetanse og fagbrev på 4 år.

- KOS → kokk eller servitør
- ROS → resepsjonist eller reiselivsmedarbeidar

Erna Viken Holvik orienterte og om eige prosjekt (vedlegg 2) for rekruttering til industrien i Hallingdal, der ho er prosjektleiar. Prosjektet er eit samarbeid mellom NHO og HallingExpo. Hovudmåla for prosjektet er å sikre lokal rekruttering til industrien i Hallingdal og arbeide for eit aktivt samarbeid mellom skule og næringsliv.

Det er eit mål at kommunane i Hallingdal vedtek forpliktande målsetningar for partnerskapsarbeidet skule-næringsliv, i sine langsiktige planer.

**SAK 15/10 ORIENTERING/DRØFTING "HELHETLIG OG LANGSIKTIG PLAN FOR DET FRAMTIDIGE SKULETILBUDET I BUSKERUD" V/BUSKERUD FYLKESKOMMUNE**

Knut Erik Hovde og Sigrun Bergseth frå utdanningsavdelinga i Buskerud fylkeskommune, orienterte om arbeidet med ein langsiktig og strategisk plan for det vidaregåande skuletilbodet i Buskerud. Som eit ledd i arbeidet er det ynskjeleg med ein dialog med regionråda omkring følgjande tema:

- Den vidaregåande skula sitt tilbod til ungdom/vaksne i regionen
  - Breidda i opplæringstilbodet til ungdom i regionen.
  - Regionen/kommunane sitt eige behov for kompetanse
  - Opplæring tilpassa næringslivet
  - Breidda opplæringstilbod til vaksne
- Regionen/kommunane si samhandling med dei vidaregåande skulane i regionen.

Med bakgrunn i drøfting utarbeidar fylkeskommunen eit eige notat.

Regionrådet for Hallingdal såg på temaet som svært viktig og vil ha eit eige møte snarast råd for ei grundigare drøfting. Dagleg leiar finn fram til eit passande tidspunkt.

**SAK 16/10 SAMARBEIDSAVTALE HALLINGDAL BARNEVERN**

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal vedtek styringsgruppa sitt forslag til samarbeidsavtale for Hallingdal Barnevernsteneste.

**SAK 17/10 HALLINGDAL KRISESENTER**

Hege Mørk orienterte om situasjonen for Hallingdal Krisesenter. Både i forhold til lov om kommunale krisesentertilbod som vart gjort gjeldande frå 1. januar 2010 og husleigeforholdet.

Konklusjon frå drøftingane var at Regionrådet og Rådmansutvalet har tillit til at Gol kommune som vertskommune finn dei rette løysingane for framtidig husvære. Regionrådet reknar med å bli teke med på råd, dersom Gol kommune ser det nødvendig.

**SAK 18/10 SØKNAD HALLINGDAL REISELIV**

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 600.000 til Hallingdal Reiseliv, "Eventyrveien og Eventyrkortet 2010"  
Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 250.000 til Hallingdal Reiseliv, til vidareføring av familieframsyninga om "Huldra". Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.  
Eventuelt tilskot i 2011 og 2012 vil måtte vurderast for det ein skilde år.
3. Regionrådet for Hallingdal ber om ei evaluering av satsinga på Eventyrvegen og "Huldra" innan 1.11.2010.

**Sak 19-10 SØKNAD OM TILSKOT TIL FORPROSJEKT "ØRRETENS RIKE, FRÅ "FJELL TIL FJORD".**

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 50.000 til forprosjekt "Ørretens Rike, fra fjell til fjord".
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

**SAK 20/10 SØKNAD OM TILSKOT, GARDNOS METEORITTKRATER**

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver til Nes kommune 25% av kostnadane til forprosjekt Gardnos meteorittkrater, innanfor ei tilskotsramme på kr. 28.594. Midlane blir teke frå posten Strategisk plan for Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Nes kommune (dat. 25.2.2010), om midlar til nye informasjonstiltak og oppusting av infrastrukturiltak ved Gardnos meteorittkrater.

**SAK 21/10 ORIENTERING OM FRAMDRIFT HALLINGDAL UTVIKLING**

Saka vart utsett til neste møte.

**22/10 IKA KONGSBERG**

Konklusjon frå drøftingane var at kommunane i Hallingdal møter i representantskapet med utgangspunkt å få til ein meir differensiert årleg driftskostnad, i forhold til små og store kommunar. Dette samsvarar med m.a. kommunestyrevedtak i Hemsedal og Gol kommune (*Hemsedal kommune meiner det bør vera større differensiering på grunnbeløpet som kommunane skal betale.*)

Vidare vurdering blir teke i etterkant av generalforsamlinga.

Ål 21.3.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg

1. Sak 14/10: Nytt utdanningsløp i vidaregåande skule, presentasjon
2. Sak 14/10: Rekruttering til industrien i Hallingdal, presentasjon